

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref.: 201005093-10
Vår ref.: 11817998

Dato: 07.03.2017

Høyringsfråsegn på søknadar om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Voss kommune

Visar til brev frå NVE 28. november 2016 som omhandlar søknadar om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Voss kommune. Alle dei aktuelle kraftverka er i BKK Nett sitt utgreiingsområde, men i distribusjonsnettet til Voss Energi.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av det meste av regionalnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen.

I denne samanheng uttalar me oss som utgreiingsansvarleg, med fokus på nettkapasitet i regionalnettet. Det kan òg vera avgrensa kapasitet i distribusjonsnettet, men dette har ikkje BKK Nett detaljert oversikt over.

Kraftverka **Urdlandselvi** og **Kleiveelvi** vil mate sin produksjon inn i Urdland transformatorstasjon, og vidare på 50 kV leidning til Voss transformatorstasjon, der det er opptransformering til 132 kV via ein 50/132 kV transformator. Denne transformatoren (Voss T3) har kapasitet 30 MVA og er allereie i dag, i periodar med høg kraftproduksjon, overlasta. Ny kraftproduksjon frå dei to nemnde kraftverka vil auke overlasta ytterlegare. Voss Energi er eigar av transformatoren Voss T3.

Dei 5 andre kraftverka som er omtala i høyringa vil mate inn i eit 132 kV regionalnett som har god kapasitet.

Venleg helsing
BKK NETT AS



Jan Ness
Seksjonssjef



Ruth Helene Kyte
Rådgjevar